

Kommunikasjon framfor makt

Vitenskapeleg essay

BACHELOROPPGAVE (BOPPG30)

Politihøgskulen

2019

Kand.nr :335

Antall ord: 5406

Innholdsfortegnelse

OPPDRAGET¹	3
PROBLEMSTILLING	5
MENTAL FØREBUING	6
SITUASJONSVURDERING OG PERSEPSJON	8
ATTRIBUSJON OG SKJEMA	9
ATTRIBUSJON	9
SKJEMA.....	10
AKTIV LYTTING	10
POLITISTIL	11
TILLIT	12
MAKTPYRAMIDEN	13
LEGALITETSPRINSIPPET	14
<i>Legitimitet og tillit</i>	14
NØDVENDIGHEITSKRAVET & FORHOLDMESSIGHEITSPRINSIPPET.....	14
OPPORTUNITETSPRINSIPPET.....	16
KUNNSKAP GIR TRYGGHET	16
LITTERATURLISTE	18
SJØLVVALT PENSUM	19

Oppdraget¹

Det er oktober måned og hausten har meldt sin ankomst. Eg køyrer patrulje saman med rettleiaren min og kollegaen hennar. Det er ein time igjen av kveldsvakta, og me er innstilt på ein roleg avslutning på vakta før operasjonssentralen plutselig kallar oss opp på samband og formidlar at me skal bistå ein ambulanse som skal køyre Kari Ås til psykiatrisk avdeling. Kari er suicidal, og skal tvangsinnleggast. På veg til oppdraget får me ei ny melding om at Kari har reist ifrå sjukehuset. Under ein røykepause med ein sjukepleiar la ho på sprang. Sjukepleiaren prøvde å ta tak i Kari, men då beit ho etter sjukepleiaren. Patruljen køyrde til sjukehuset, fekk ein beskrivelse av Kari, og starta å patruljere for å søke etter ho. På dette tidspunktet kjende eg at pulsen auka og eg byrja å forberede meg mentalt på kva som ville møte oss.

Tida var kritisk. Me måtte finne Kari før ho kom seg ut av byen. Då me starta patruljeringa var det 10 min sidan ho hadde reist frå sjukehuset. Me køyrde direkte ned på ferjekaia ettersom det var ei ferje som straks skulle gå. Sansane mine var skjerpaa og eg overvaka kvart eit hjørne me køyrde forbi med falkeblikk. Eg og kollegaene mine tok fram lommelykta og tok eit grovt søk på ferja. Me stoppa også ein buss på veg ut av byen for å søke igjennom den.

Etter ei stund med patruljering utan funn tilkalla me operasjonssentralen og fekk dei til å spore telefonen til Kari. Me vart overraska når sentralen fortalde at telefonen ga utslag på basestasjonen på ferjekaia. I håp om å finne Kari køyrde me tilbake og gjorde eit nytt søk i området. Brått fekk eg auge på ei kvinne som passa overeins med beskrivelsen me hadde fått frå personalet på sjukehuset. Då kvinna fekk auge på oss prøvde ho å springe ifrå oss. Kvinna viste seg å vera Kari. Kollegane mine gjekk «best på arm»² og fekk kontroll på ho. Kari prøvde å kome seg laus, ho sparka og vrei seg. Me meldte ifrå om posisjonen vår og at me hadde kontroll på Kari til ambulansen i BAPS³.

¹Eg vil gjere oppmerksom på at eg nyttar meg av fiktive namn i beskrivinga av oppdraget.

²«Best på arm»: ei grepskopling som tek utgangspunkt i situasjonar som er så tilspissa at politibetjenten har bestemt seg for å legge vedkommande i bakken (Lie & Lagestad, 2011, s. 35).

³BAPS: felles sambandskanal mellom brann, ambulanse og politi.

Den kontrollerte situasjonen skulle likevel snu. Like etter at ambulansen kom, svinga det ein bil inn på staden. Som lyn frå klar himmel kom ein gut springande ut av bilen, dette viste seg å vera sonen til Kari, Peder Ås. Ein kompis hadde køyrt han til staden. Ut i frå kroppsspråket til Peder, skjønte eg at han var opprørt. Eg gjekk bestemt mot han og stoppa han frå å springe bort til mora si. Eg strakk handa mi mot brystkassa hans og stilte meg opp framfor han. Peder skalv av sinne og ropte til kollegaene mine at dei skulle sleppe taket på mora hans. Eg stod aleine med Peder som var svært opprørt. Eg haldt kontaktposisjon¹ og bestemte meg kjapt for å prøve å snakke han ned. Eg heva stemma mi, søkte blikkontakt med han og forklarte at mora hans var sjuk og at me var her for å hjelpe ho.

Eg merka at Peder roa seg litt ned, og følte meg eit steg nærmare å få kontroll på han. Blikket hans skifta fokus mellom meg og kollegaene mine som haldt mora hans. Han prøvde desperat å forklare meg at mora hans hadde to små tvillingar heime som ho hadde ansvar for. Etter nokre minutt kom innsatsleiar på staden. Eg hørde bildøra smalt igjen og i sidesynet såg eg at han gjekk bestemt mot meg og Peder. Innsatsleiar tok eit godt tak rundt Peder sin andre arm. Dette skulle vise seg å ikkje falle i god jord hos Peder. Han vart brått veldig aggressiv igjen og pressa seg i retning mot Kari. Innsatsleiar ga uttrykk for at me skulle leggje guten i bakken, og før eg visste ordet av det var me i gang med nedoverlegging bakover. Peder slo seg vrang og ga mykje motstand. Situasjonen hadde nå eskalert, og ein av kollegaene mine kom springande og sette beinlås på han.

Ambulansen vart etterkvart klare for å køyre Kari til psykiatrisk avdeling. Eg og rettleiaren min vart med i ambulansen medan innsatsleiar og kollega til rettleiar vart igjen på staden med Peder. Peder roa seg ned etter at Kari vart frakta vekk. Det vart ikkje sett handjern på Kari i ambulansen, ho skjønte etterkvart at einaste utveg var å bli med ambulansen til psykiatrisk avdeling.

¹Kontaktposisjon: ei grepskopling som gir moglegheit for å posisjonere seg godt i forhold til dialog, samtidig som ein fokusera på eigensikkerheit. Posisjonen er eit godt utgangspunkt for nedlegging framover eller bakover, om det skulle verte nødvendig (Lie & Lagestad, 2011, s. 36).

Under transporten til psykiatrisk avdeling beklaga Kari oppførselen sin. Ho forklarte at ho var sliten og lei seg. Eksen hennar var alkoholikar og hadde behandla ho dårleg. Den eldste sonen hennar, Peder, som var på staden, hadde vore vanskeleg dei siste åra. Han trua ho med å anmelde ho for å ha slått han om han ikkje fekk det som han ville. Me såg seinare at ho var sikta i ei familievaldssak. Den nye mannen hennar var grei, men etter at ho fekk tvillingar med han blei det for mykje for ho. Ho hadde ikkje bearbeid det som hadde skjedd og ungane tok mykje krefter. I tillegg hadde ho flytta frå nettverket sitt i heimbyen. Ho ynskte ikkje å bli innlagt på psykiatrisk avdeling. Ho hadde vore der før, og det hadde gitt ho ei dårleg erfaring. Denne gongen hadde ho teke 16 sovetablettar, ved tidlegare høve hadde ho teke 40 tablettar.

Problemstilling

I etterkant av oppdraget fekk eg skryt av innsatsleiar for innsatsen under oppdraget. Sjølv sat eg igjen med ei dårleg kjensle i forhold til korleis Peder vart behandla på staden. Var det rett å bruke fysisk makt mot Peder, eller kunne oppdraget blitt løyst ved hjelp av kommunikasjon?

Politivitenskap er, ifølge Larsson, Gundhus og Granér, «det vitenskapelige studiet av politiet og andre som utøver politisier virksomhet, hvem de er, deres oppgaver og deres samfunnsrolle, hva de gjør samt effektene av dette.» (Larsson, Gundhus & Granér, 2015, s. 19). Politiarbeid dreiar seg ofte om tolking i ulike situasjonar; det kan vera avhøyr, lesing av dokument eller situasjons- og åstadsforståing. Hermeneutikk er ein metode som klargjer meining ved å etterspørje underliggende betydingar i tekst og tale. Ved å sette meg inn i relevant litteratur kring temaet for oppgåva har eg evna å reflektere teoretisk over oppdraget. Hermeneutikken legg også stor vekt på klargjering av situasjonelle faktorar som opnar og lukkar for ulike handlingsval. Gjennom prosessen med å skrivet essayet har eg belyst ulike faktorar som kan ha påverka dei individuelle vala til meg og innsatsleiar. Prosessen med å skrive eit vitenskapelig essay har vore ein hermeneutisk prosess, som igjen byggjer på den fenomenologiske og hermeneutiske tradisjon (Olsvik, 2013, s. 105).

I oppgåva kjem eg til å fokusere på politiets kommunikasjon med Peder under oppdraget. Eg kjem også til å belyse ulike faktorar som spelar inn på politiets kommunikasjon med publikum. Avslutningsvis ser eg på makta som vart utøvd mot Peder og drøftar maktbruken opp i mot maktpyramiden og nokre vesentlege prinsipp i politiets myndighetsutøving.

«Kommunikasjon handlar om møter mellom menneske i ulike situasjonar og er derfor grunnleggande for alt politiarbeid». (Lagestad, 2012, s. 263). For å løyse ei konflikt er ein avhengig av at sendar og mottakar skapar ei felles forståing av situasjonen. Dei bakanforliggende årsakene til konflikten må belystast for at ein skal forhandle seg fram til ei felles løysning. For å belyse desse årsakene må ein bruke kommunikasjon som verktøy. Vel så viktig som kunnskap om kommunikasjon og konflikthandtering er kunnskap om faktorar som påverkar kommunikasjonen. Det er viktig å vera klar over desse faktorane for å oppnå best mogleg kommunikasjon.


Mental førebuing

Det er ein fordel for politiet å skaffe seg tid og rom for å planlegge korleis ein skal gjennomføre eit oppdrag. Politiet står ofte ovanfor stressa situasjonar der det hastar å ta ei avgjerd. Mental førebuing er den mentale prosessen tenestepersonen må iverksette frå han mottek meldinga til oppdraget er avslutta. Gjennom tileigning av kunnskap, øving i trygge omgivingar og reelle erfaringar vil forutsetninga for mental førebuing utvikle seg. Når den mentale førebuinga gradvis vert automatisert aukar også kapasiteten til tenestepersonen. Dette gjer at ein kan skaffe seg meir tid og rom, som vil gi økt trygghet i kritiske situasjonar. (Edvindsen, 2016, s. 140).

Den mentale førebuinga mi starta allereie når me fekk melding om å bistå ein ambulanse til tvangsinnlegging. Eg førebudde meg på kva som kunne møte meg i ambulansen og korleis arbeidsoppgåver som eventuelt kunne oppstå. Då det kom fram at Kari hadde rømt ifrå sjukehuset måtte eg ta stilling til dette i den mentale førebuinga mi. Den mentale prosessen forandra seg i takt med dei nye opplysningane i oppdraget. Den mentale førebuinga er med på å forberede kroppen på dei fysiologiske reaksjonane ein kan oppleve under stress.

Tenestepersonen må kjenne sine svake og sterke sider slik at eventuelle reaksjonar ikkje blir avgrensande, men til hjelp i pressa situasjonar. Det vil også bidra til å redusere sjansen for akutt stress som kan sette tenestepersonen ut av spel i kritiske situasjonar. God sjølvinnsikt bidreg til økt tryggleik og kontroll, forbetra evna til å ta gode situasjonsvurderingar og aukar sannsynet for god oppdragsløysing. (Edvindsen, 2016, s. 140). Ved bruk av den omvendte u-

kurva kan me belyse det positive med dei biologiske kreftene som ligg bak stress, men også sjå korleis for lite eller for mykje kan svekke prestasjonen. (Risan & Skoglund, 2013, s. 41).



Figur 1: Den omvendte U-kurva (Oversatt frå Hebb, 1955). (Risan & Skoglund, 2013, s. 41).

Stressorane er individuelle, og me opplev stress ulikt. Robusthet, sårbarhet, samtidige stressorar og risikogrupper er individuelle forskjellar som gjer at personar kan reagere ulikt på same type hending. Då Peder gjekk ut av bilen og kom springande mot Kari medan han ropte høgt, kjende eg at pusten auka, hjarta byrja å slå raskare og musklane spente seg. Kroppen gjorde seg klar til å takle utfordringa, gjennom aktivisering av prosessar. Pusten auka for å auke oksygenopptaket til kroppen, hjarta slo raskare for å transportera oksygenrikt blod ut til musklane og musklane spente seg for å forberede seg til kamp. Desse fysiologiske faktorane var med på å optimalisere prestasjonsnivået mitt. For innsatsleiar kan det ha vore ein stressor at han ikkje kjende meg og måten eg arbeida på. Dei fysiologiske reaksjonane kan vera utfordrande i forhold til konflikthandtering. Pulsen kan verta rask og overflatisk, som kan gjere det vanskeleg å kommunisere verbalt. Ved å ha kunnskap om dei fysiologiske prosessane i kroppen, samt akseptere at dei kjem, og trene stressmeistring kan ein hindre at dei biologiske kreftene svekker prestasjonen. (Bråten, 2013, s. 82).

Situasjonsvurdering og persepsjon

Politidirektoratet beskriv situasjonsvurderinga som ein gjennomgang av den faktiske situasjonen. Det er ein kontinuerleg prosess frå oppdraget føreligg til operasjonen er avslutta. (Politidirektoratet, 2011, s. 119). Trusselen, egne ressursar, tid til rådighet, vurdering av område/ objekt, vær, lys og føreforhold og samband og leiing, er momenta som legg utgangspunktet for ei situasjonsvurdering. Vidare kjem eg til å gå nærmare inn på vurdering av trusselen og egne ressursar.

Persepsjon spelar inn på situasjonsforståinga. «Persepsjon kan definerast som oppfatning av omverda og oss sjølv ved hjelp av sansane. På grunnlag av sansane og det me rettar oppmerksamheita mot, reagera me og utfører våre handlingar.» (Edvindsen, 2016, s. 141). Persepsjon er altså den dynamiske prosessen der me sansar, oppfattar, vurderer og handlar. Det er ein aktiv prosess sidan den omfattar både utveljing og tolking av sanseintrykk. Ut frå dine kriterier for kva som er viktig, og din motivasjon til å bearbeide denne informasjonen, prioriterer du korleis sanseintrykk som skal gis oppmerksamheit, og overser dei andre. Denne aktive utveljinga kallast selektiv persepsjon. Årvåkenhet i persepsjonsprosessen blir spesielt viktig der me arbeider med å handtere ulike konfliktsituasjonar. Evna til aktiv sansing vil gi oss viktig informasjon over kort tid, slik at me raskast mogleg kan gjere gode vurderingar. (Bråten, 2013, s. 23-25).

Når ein vurderer trusselen kan meldingsmottaket, søk i politiets registre og observasjon vera viktige element. Ein må blant anna vurderer om det har førekome truslar eller om det er våpen innblanda. I tillegg må ein vurderer gjerningspersonens fysiske og psykiske tilstand, kva personen har gjort og personens evne til å gjennomføra nye handlingar (Edvindsen, 2016, s. 138). På oppdraget var kollegaene mine opptatt med å få kontroll på Kari, så eg stod ovanfor trusselen, Peder, åleine. I dette tilfellet hadde eg ingen forhandsinformasjon på Peder. Det hasta å ta ei vurdering av Peder ettersom han bevegde seg raskt mot meg og situasjonen. Grunnlaget eg hadde for å vurderer trusselen var Peder sitt kroppsspråk, oppførsel og språkbruk. Peder gjekk bestemt mot meg og viste med kroppsspråket sitt at han var oppskaka og aggressiv. Han uttrykte seg også verbalt. Med heva stemme ropte han bort til kollegaene mine at dei skulle sleppe mora hans. Utifrå denne informasjonen forstod eg relasjonen mellom Kari og Peder, og tenkte over at Peder var i ein sårbar situasjon. På dette tidspunktet var det meg mot Peder, og eg måtte handle ut ifrå dette. Det var ingen våpen å observere i hendene til

Peder. Av polititaktiske hensyn tok eg ei fortgåande situasjonsvurdering for å kartlegge korleis situasjonen best kunne løysast i forhold til trusselen og ressursane me hadde til rådighet.

Innsatsleiar hadde ikkje same situasjonsforståing som meg og kollegaene mine, og hadde derfor ei anna oppleving av hendinga og trusselen. Han hadde ikkje hatt moglegheit og tid til å søke opp i politiets register før han kom til staden, han hadde derfor inga forhandsinformasjon på Peder. Eit av punkta i situasjonsvurderinga er vær, lys og føreforhold. Då innsatsleiar kom til staden var lysforholda dårlege. Oppdraget fann stad ein haustkveld og det var mørkt ute. Delar av området var opplyst med gatelys. Innsatsleiar oppfatta at eg haldt rundt armen til Peder og at Peder var fysisk større enn meg ved hjelp av synet sitt. Ved å bruke hørselen kunne han høyre at stemmene våras var heva. For innsatsleiar kunne det sjå ut som om eg stod ovanfor ein situasjon med høgt konfliktnivå. Eg stod å haldt i armen til Peder medan me snakka høglydt til kvarandre. Situasjonsforståinga vår er med på å avgjere handlingane og vala våre.

Persepsjonen påverkast i stor grad av blant anna emosjonell tilstand, erfaringar og kunnskap. Tenestepersonens evne til å tolke inntrykk, avgjerder og reaksjonar vil endre seg med dei erfaringane han etter kvart tileignar seg, og desse erfaringane vil påverke kva han ser og situasjonsvurderinga i ulike situasjonar. (Edvindsen, 2016, s. 142). Det kan hende innsatsleiar hadde tidlegare erfaring med Peder eller liknande oppdrag, og dermed handla utifrå korleis utfallet har vore tidlegare.

Attribusjon og skjema

Attribusjon og skjema er faktorar som påverkar persepsjonen, som igjen påverkar situasjonsforståinga og samspelet med Peder.

Attribusjon

Attribusjon kan definerast som vår tilbøyelegheit til å tilskrive eit årsaksforhold til eigen eller andre si åtferd. Dette er tydeleg i situasjonar der me tillegger stabile indre eigenskapar til ein person på bakgrunn av vedkommandes åtferd. Dette er den fundamentale attribusjonsfeil. Dette fører til at me undervurdera faktorar i situasjonen som kan forklare åtferda. Dette kan redusere vår motivasjon til å handtere ein konflikt ved bruk av kommunikasjon. Peder snakka

høgt og veiva med armane, og kunne derfor attribueres til å vera aggressiv. Innsatsleiar kunne oppfatte dette til å vera knytt til Peder som person og hans stabile indre eigenskapar framfor å vurdere om det er element i situasjonen som framkalla reaksjonen. Peder opplevde at to tenestemenn la mora hans i handjern, og aggresjon kunne derfor vera ein naturleg reaksjon på situasjonen. (Bråten, 2013, s. 30).

Skjema

Eit mentalt skjema kan definerast som organiserte førestellingar og kunnskap. Det er ein naturleg prosess å utvikle skjema, ettersom me er avhengige av å strukturere verda vår. Gjennom erfaring og kunnskap får me ei forståing av korleis for eksempel ein vanleg arbeidskvardag er, kva me skal gjere og korleis me gjer det. Men me har ikkje moglegheit og kapasitet til å reflektere rundt dei same tinga kvar gong me løyser liknande oppgåver, og det er då me nyttar skjema. (Bråten, 2013, s. 26). Innsatsleiar har jobba mange år i politiet og har løyst mange liknande oppdrag tidlegare i tenesta. Det kan hende at innsatsleiar hadde laga seg ei klar formeining om kva som kom til å skje vidare med Peder, til tross for at han ikkje har opplevd denne nøyaktige situasjonen tidlegare. Sjølv om eg stod for kommunikasjonen med Peder, braut innsatsleiar inn og løyste oppdraget på sin måte. Informasjonen innsatsleiar fekk i det han såg eg stod åleine med Peder vart nedprioritert i forhold til ei vidare vurdering av i kor stor grad eg hadde kontroll på Peder. Innsatsleiar kan ha utvikla stabile vanar ut frå korleis han «pleier å gjere det». Desse vanane vert danna med tid og erfaring, og me kan risikere å bli mindre dynamiske. (Bråten, 2013, s. 27).

Aktiv lytting

I mine auger stod eg i oppdraget ovanfor eit moderat konfliktnivå. Eg som yrkesutøvar stod ovanfor ein situasjon der eg naturleg kan møte motstand. Utøving av autoritet kan vera ein eskalerande faktor. Å bli utfordra i yrkesutføringa kan opplevast provoserande, men i situasjonar med moderat konfliktnivå må ein rekne med å møte slik motstand (Bråten, 2013, s. 111). Med bakgrunn i at autoritet kan vera ein eskalerande faktor, valde eg å gå fram på ein skånsam måte for å unngå å eskalere situasjonen. På denne måten følte eg at eg kunne klare å kontrollere trusselen. Eg presenterte meg som politi og starta ei kontaktetablering. Peder var oppspilt, så det var utfordrande å kommunisere med han. «Metakommunikasjon er kommunikasjon om samtalen og om relasjonar» (Bjerknes & Fahsing, 2018, s. 216). Eg nytta

metakommunikasjon for å skape forutsigbarhet, etablere profesjonell tillit og stimulera til god og formålsretta kommunikasjon med Peder. Måten eg gjorde dette på var at eg forklarte Peder situasjonen og kvifor me var nøydde til å halde kontroll på han og Kari. Ved å formidle empati kan ein oppleve at publikum føler seg sett, høyrte og respektert. Dette skapar eit godt grunnlag for den vidare kommunikasjonen.

Aktiv lytting går utpå at mottakaren dekodar eit verbalt budskap, identifisera kjenslene til sendaren, og deretter viser sendaren at ein har forstått kjenslene ved bruk av non-verbale eller verbale teknikkar som for eksempel augekontakt eller spegling. Målet med aktiv lytting er å skape ei felles forståing gjennom å fokusere på vår eigen og den andre sin verbale og non-verbale kommunikasjon. Ved å nytte aktiv lytting som teknikk kan ein førebygge at ein konflikt oppstår, samt redusere konfliktnivået i tilspissa situasjonar. Aktiv lytting handlar om å forstå kva andre menneske ynskjer, og lytte etter deira opplevde behov. (Bråten, 2013, s. 19).

Eg nytta aktiv lytting som eit verktøy i konfliktsituasjonen med Peder. Nokre non-verbale teknikkar eg nytta var at eg konstant søkte augekontakt med Peder for å vise at eg fatta interesse for han. Eg var rak i ryggen og hadde eit bestemt kroppsspråk for å oppnå respekt. Små oppmuntringar og identifisering av kjensler var verbale teknikkar eg nytta for å vise at eg oppfatta det som vart sagt og at eg tok det på alvor. Eg merka at Peder opplevde å bli tatt på alvor og lytta til. Dette gjorde at han etterkvart vart motivert til å lytte etter det eg formidla av informasjon. Eg opplevde at aktiv lytting la grunnlag for ei større påverkningskraft. Målet mitt var at Peder skulle føle seg høyrte og forstått, for å førebygge at ein konflikt skulle oppstå. På denne måten kunne eg vinne respekt og skissere ei god løysing for begge partar.

Politistil

Medan eg følte at eg var iferd med å få kontroll på trusselen, Peder, kom innsatsleiar til staden. Innsatsleiar måtte vurdere trusselen utifrå meldingsmottaket og det han såg når han kom til staden. Han gjekk høgt ut, med ein autoritær politistil, og sa at Peder skulle stå i ro. Dette fungerte ikkje og konflikten eskalerte. Innsatsleiar la Peder i bakken og fekk kontroll på han.

Pål Lagestad skil mellom ein folkeleg og ein autoritær politistil. Den folkelege stilen kjenneteiknast av at ein går lågt inn i situasjonen med mål om å spørje, søke og lytte. Ein ser på publikum som ein samarbeidspartnarar og lar publikum presentere sitt syn så dei opplev å bli høyrte. Politistilen er roleg og beherska og ein let seg dermed ikkje provosere. Den autoritære stilen kjenneteiknast av verbal maktbruk og klare og tydelege beskjedar. Stilen er meir knytt til alvorlege ordensforstyrningar og kritiske situasjonar (Lagestad, 2012, s. 37). Oppdraget med Peder er eit praktisk eksempel på dei ulike stilane og viser korleis stilane kan påverke konfliktnivået. Eg hadde ein folkeleg politistil der eg spurte og lytta til Peder for å avklare situasjonen og hans rolle i oppdraget. Peder følte seg høyrte og me fekk etterkvart i gang ein samtale. Innsatsleiar hadde ein autoritær politistil ettersom han gjekk høgt ut og brukte verbal makt mot Peder. Dette førte til at konfliktnivået auka. Peder var i ein sårbar situasjon, i sårbare situasjonar kan ein kjenne på manglande kontroll og trygghet. Kommunikasjon er eit viktig hjelpemiddel for å få tilbake kjensla av både trygghet og kontroll. Når innsatsleiar går høgt ut og brukar verbal makt mot Peder skapar dette ein einvegskommunikasjon. Dette kan vera uheldig ovanfor personar i sårbare situasjonar. For Peder sin del var det ikkje rom for tilbakemeldingar og situasjonsforståinga var ulik.

Tillit

«Tillit mellom politi og publikum er en forutsetning for at politiet skal kunne utføre sin viktigste oppgave, som er å skape trygghet for borgerne. Og tillit – eventuelt også mistillit – skapes gjennom kommunikasjon, og da først og fremst gjennom språket, vår vanligste kommunikasjonskanal.» (Rønneberg, 2009).

Empati, ærlegdom, kompetanse og forpliktelse er element som må vera tilstades når ein skal byggje tillit.

Ved å identifisere kjenslene til publikum nyttar ein aktiv lytting som verktøy for å vise empati. Hensikta med teknikken er å vise personen at ein forstår korleis kjensler vedkommande opplev, utan at ein nødvendigvis er einig i at det vedkommande føler er hensiktsmessig (Bråten, 2013, s. 96). Ein kan vise ærlegdom ved bruk av ein folkeleg politistil. Stilen opnar opp for at publikum blir høyrte når dei får presentere sitt syn av saka. Dette lagar eit godt grunnlag for openheit. Kunnskap dannar eit viktig fundament for


kommunikasjon med publikum. At politiet forklara kvifor dei grip inn, og på denne måten bidreg til å opplyse den involverte om kvifor politiet gjer som dei gjer er av betydning for at publikum skal føle seg rettferdig behandla, og oppleve tillit til politiet (Lagestad, 2012, s. 199).

«Rønneberg (2009) viser i sin studie av politisamtaler med publikum at mulige konflikter mellom politi og publikum ikke bare handler om hva politiet sier og gjør, men like mye om hvordan det sies og gjøres. På denne måten kan et høflig og respektfullt språk både bygge relasjoner og forhindre misstemning og konflikt.» (Lagestad, 2012, s. 199).

Ved å nytte aktiv lytting som små oppfordringar, parafrasering og spegling viser ein forpliktelse ovanfor publikum. Ved å vise interessert oppnår ein respekt og viser høflegheit ovanfor publikum.

Maktpyramiden

Lie og Lagestad har utarbeida politiets «Maktpyramide» som beskriv nokon av dei maktmidla politiet har tilgang til å nytte i tenesteutføringa si. Pyramiden viser korleis maktbruken aukar dess høgge opp i pyramiden ein kjem. Dette utifrå kor mykje fysisk og psykisk skade og/eller ubehag som vert påført personen som vert utsatt for dei ulike maktmidla.



Figur 2: Maktpyramiden (Lie & Lagestad, 2011, s. 10)

Legalitetsprinsippet, nødvendigheitskravet og forholdsmessigheitsprinsippet er alle vesentlege prinsipp i politiets myndigheitsutøving som får utslag i den polisiære verksemda. Prinsippa er relevante for tenestepersonar som må vurdere korleis ein skal handle for å få eit best mogleg utfall i konkrete situasjonar. Eg skal drøfte desse prinsippa opp mot maktpyramiden med bakgrunn i oppdraget mitt.

Legalitetsprinsippet

Det første prinsippet er legalitetsprinsippet. I politirett må ein vurdere prinsippet i forhold til om inngrepet har direkte hjemmel i lov eller forskrifter, eller instruksar som er fastsatt med hjemmel i lov. I denne oppgåva var inngrepet fysisk makt. Peder hindra patruljen i å utføre tenestehandlinga, jf. strl. §156. Inngrepet vart brukt som eit svar på Peder si åtferd og handlingar. Politiloven §7, første ledd, pkt. 3 gir politiet heimleg til å gripe inn for å avverge eller stanse lovbrøt. Patruljen hadde dermed heimleg til å gripe inn i situasjonen. Var det likevelling nødvendig å nytte fysisk makt for å stanse Peder? (Larsson, Gundhus & Granér, 2015, s. 86).

Legitimitet og tillit

Legalitet har ein rettsleg basis, men også ein tillitsdimensjon, som følger av samfunnskontrakten mellom politi og publikum. Liv Finstad (2000) poengtera at politiets oppgåver vil verte svært vanskelege å utføre om ikkje forholdet mellom politi og publikum er godt. Tillit er essensielt i dette samarbeidet. Tillit og oppretthaldelse av tillit, er altså heilt sentralt når me snakkar om samfunnskontrakten og legitimitet (NOU 2017:9, s.30). Peder sine erfaringar og oppfatning med og av politiet spelte derfor inn på samarbeidet og kommunikasjonen oss imellom.

Nødvendigheitskravet & forholdsmessigheitsprinsippet

Dei neste prinsippa er nødvendigheitskravet og forholdsmessigheitsprinsippet. Dette er to forskjellige vilkår, men dei heng tett saman. Om noko er unødvendig, er det alltid uforholdsmessig, men om noko er nødvendig er det ikkje alltid forholdsmessig. Nødvendigheitskravet inneheld eit todelt krav. Maktmiddelet må vera egna til å løysa oppdraget og det må ikkje brukast meir makt enn det som er påkrevd.

Forholdsmessighetsprinsippet er bestemmande for kor høgt ein kan gå ut i maktpyramiden for å løyse dei forskjellige situasjonane. (Lie & Lagestad, 2011, s. 8-9).

Eg skal først ta føre meg nødvendigheitskravet. I politiloven §6, andre ledd, står det skrive: «politiet skal ikke ta i bruk sterkere midler uten at svakere midler må antas utilstrekkelig eller uhensiktsmessige, eller uten at slike forgjeves har vært forsøkt.» Når politiet skal gripe inn ovanfor publikum skal det ikkje gjerast større inngrep enn det som er nødvendig, og når situasjonen skal løysast ved hjelp av eit middel, skal det minst inngripande middelet nyttast først. (Larsson, Gundhus & Granér, 2015, s. 90). På oppdraget såg eg fort at Peder hadde eit fysisk overtak på meg, så eg måtte vurdere konsekvensane av eventuell maktbruk. Det første eg gjorde var å bruke polituniformens symbolske makt ved å stille meg framfor Peder og presentere meg som politi. Dette hadde lita effekt og eg fekk kjensla av at Peder skulle trave forbi meg for å hjelpe Kari. Eg tok tak i Peder sin arm, søkte augekontakt med han og heva stemma mi for å gjere det tydeleg at han skulle stå i ro. Peder stoppa opp og roa seg ned nokre hakk. Det utvikla seg til å bli ein dialog der eg forklarte kvifor me måtte få kontroll på Kari, og eg lytta medan Peder fekk forklart si side av saken. På maktpyramiden hadde eg på dette tidspunktet vore innom dei tre første trinna, tilstedeværelse/ presentasjon, verbale kommunikasjonsteknikkar og verbal makt. Sjølv om Peder, til tider, ga uttrykk for at han ynskte å kome seg bort til Kari for å frigjere ho frå kollegaene mine, følte eg at han respekterte meg og ikkje kom til å gjere det. Han lytta til meg og gidde uttrykk for at han følte seg høyrte og sett. Eg nytta dei tre første stega på maktpyramiden, dette var nødvendig for å oppnå den kommunikasjonen eg ynskte med Peder.

Det neste prinsippet er forholdsmessighetsprinsippet. «Poenget med forholdsmessighetsprinsippet er at uleiligheten eller skaden forbundet med inngrepet ikke må stå i misforhold til formålet med tjenestehandlingen» (Lie & Lagestad, 2011, s. 8). Nyttå må med andre ord vera større enn ulempene og skadane. Prinsippet er formulert i politiloven §6, andre ledd: «De midler som anvendes, må være nødvendige og stå i forhold til situasjonens alvor, tjenestehandlingens formål og omstendighetene forøvrig». Som tidlegare nemnt, hadde innsatsleiar ei anna situasjonsforståing enn det eg hadde, og måtte handle utifrå denne. Han såg det som nødvendig å nytte ein pågripelsesteknikk for å få kontroll på Peder. Politiet skal avstå frå maktbruk dersom bruk av makt gjer at målet ikkje nås. I dette tilfellet er det vanskeleg å seie om me hadde fått kontroll på Peder ved å fortsette den pågåande

kommunikasjonen. Frå innsatsleiar si subjektive oppfatning av situasjonen var maktbruken forholdsmessig for å oppnå målet med å få kontroll på Peder.

Eit av punkta i situasjonsvurderinga er vurdering av område/ objekt. Politiet må ta hensyn til om det er eit øde område med lite bebyggelse eller om det er eit tettbygd område. Ein må blant anna ta hensyn til kor stigmatiserande det vil vera å bli gjenstand for politiets inngrep. I dette tilfellet fann oppdraget stad i sentrum av byen ved sida av hovudvegen. Ein offentleg stad som er synleg for alle dekkast av «omstendighetene forøvrig» i politiloven §6, andre ledd. I politiloven §6, tredje ledd, står det at politiet skal opptre med omtanke for personars integritet, slik at den som er gjenstand for politiets inngripen, ikkje blir utsett for større grad av offentleg eksponering enn det gjennomføring av tenestehandlinga krev. Sjølv om oppdraget fann stad på ein offentleg plass var det ingen folk i nærleiken. Det var seint på kveld og lite trafikk. Peder vart på denne måten skåna for offentleg eksponering.

Oppportunitetsprinsippet

Det siste prinsippet eg ynskjer å belyse er oppportunitetsprinsippet. Prinsippet handlar om at tenestepersonen sjølv kan avgjere om og på korleis måte tenestehandlinga skal utførast. Prinsippet gir tenestepersonen moglegheit til å utvise skjønn. Då innsatsleiar kom på staden valde han å gå høgt ut på maktpyramiden. Han kom nærmast springande bort til meg og Peder og tok eit godt grep om Peder sin arm. Utan å snakke med meg eller Peder uttrykte han at me skulle legge Peder i bakken. Dette er ein pågripelsesteknikk som går i kategorien eskalerande maktmiddel på maktpyramiden. Innsatsleiar hadde ei anna oppfatning av situasjonen og vurderte den annleis enn meg. I situasjonar der politiet nyttar makt vert det ofte fokus på grensa mellom lovleg og ulovleg bruk av makt. Ofte har politiet kort tid til å ta ei avgjerd i situasjonar det blir nytta makt. I vurderinga om maktbruken var legitim må ein fokusere på informasjonen politibetjenten hadde til rådighet i situasjonen. I ettertid av ei hending er det lett å sjå på situasjonen med eit omfattande blikk, det er derfor viktig å framheve tidsaspektet i situasjonen. Situasjonar kan opplevast forskjellig for dei involverte partane. Faktorar som bakgrunn og erfaring kan spele inn. Det kan derfor vera vanskeleg å vurdere om det var anvendt legitim, ulovleg eller tvilsam makt. (Larsson, Gundhus & Granér, 2015, s. 165).

Kunnskap gir trygghet

Årsaka til at eg valde å skrive om akkurat denne hendinga var at eg har reflektert mykje over oppdraget i etterkant. Eg har tenkt på om eg kunne ha klart å løyst konflikten med Peder ved hjelp av kommunikasjon, og kva som gjorde at eg fekk ei dårleg kjensle etter oppdraget, medan innsatsleiar ikkje gjorde det. Det var derfor interessant og få moglegheita til å reflektere over mine egne og innsatsleiar sine handlingar, og på denne måten ta læring av oppdraget gjennom evaluering.

Gjennom prosessen med å skrive denne oppgåva har eg tileigna meg ny kunnskap kring betydninga av kommunikasjon. Eg kjem til å ta med meg denne kunnskapen vidare, og fokusere på viktigheita av kommunikasjon i politikvardagen. Fokus på kommunikasjon, forhandling og samarbeid vinn over ein autoritær og beordrande stil, så lenge situasjonen tilseier det. Kunnskap kring kommunikasjon og konflikthandtering er også viktig. Med innblikk i korleis faktorar som påverkar kommunikasjonen, og kunnskap om korleis ein skal kommunisere i ulike situasjonar for å løyse ulike konflikhtar, kan ein deeskalere ein situasjon og forhindre at konfliktnivået aukar.

«Good communication cannot guarantee that conflict will be resolved or even ameliorated, but poor communication greatly increases the likelihood that conflict will be exacerbated.» (Krauss & Morsella, 2000, s.12). Som Krauss og Morsella skriv i sitatet ovanfor kan ikkje god kommunikasjon garantere at konflikten deeskalerar, men dårleg kommunikasjon aukar sjansa for at konflikten eskalera. Eg har trua på at ein legg grunnlaget for samarbeid og god dialog om ein møter publikum med ein høfleg framtoning og ein folkeleg politistil. Væremåten avgjer om ein oppnår gjensidig respekt og tillit frå publikum. Når ein person føler seg høyrte og sett legg det grunnlag for eit godt samarbeid og ein god dialog.

Litteraturliste

- Bech-Karlsen, J. (2003). *Gode fagtekster: Essayskriving for begynnere*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bjerknes, Ole T. & Fahsing, Ivar A. (2018). *Etterforskning. Prinsipper, metoder og praksis*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bråten, Ole A. (2013). *Håndbok i konflikthåndtering*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Edvindsen, K. (2016). *Ordenstjeneste* (3. utg.). Drammen: Forlaget Vett og Viten AS.
- Krauss, R. M., & Morsella, E. (2000). *Communication and conflict*. Columbia University.
Henta frå: <http://www.columbia.edu/~rmk7/PDF/Confl.pdf>
- Lagestad, Pål. (2012). *Kommunikasjon og konflikthåndtering*. Oslo: Gyldendal.
- Larsson, P., Gundhus, H. O. I., Granér, R. (2015). *Innføring i politivitenskap*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Lie, A. L. & Lagestad, P. (2011). *Arrestasjonsteknikk* (1. utgave, 2. opplag 2012). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- NOU 2017:9. (2017). *Politi og bevæpning*. Oslo: Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon. Henta frå:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/1a1e793002264d9cb5b940e673622984/nou/pdfs/nou201720170009000dddpdfs.pdf>
- Olsvik, Egil H. (2013). *Vitenskapsteori for politiet*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Phelps, J., Larsen, N. M & Singh, M. (2017). *Kommunikasjon og konflikthåndtering i operativt politiarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget
- Politidirektoratet. (2008). *Politiets beredskapssystem del 2. Håndbok for innsatspersonell*.
- Politidirektoratet. (2011). *Politiets beredskapssystem del 1. Retningslinjer for politiets beredskap*. Henta frå: <https://www.politiet.no/globalassets/05-om-oss/03-strategier-og-planer/pbsi.pdf>

Politiloven. (1995). *Lov om politiet* (LOV-1995-08-04-53). Henta frå
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-08-04-53?q=politiloven>

Risan, P. & Skoglund, T. H. (2013). *Psykologi i operativ teneste*. Oslo: Gyldendal.

Rønneberg, K. (2009) *Tillit og mistillit i politiets kommunikasjon med publikum*. I S. Flaaten, H.I. Gundhus & M.E. Kleiven (Red). *Demokrati, kontroll og demokrati*. Oslo: Politihøgskolen.

Straffeloven. (2005). *Lov om straff* (LOV-2005-05-20-28). Henta frå
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28?q=straffeloven>

Sjølvalt pensum

Bech-Karlsen, J. (2003). *Gode fagtekster: Essayskriving for begynnere*. Oslo: Universitetsforlaget.
Kap. 2-4 (110 sider).

Edvindsen, K. (2016). *Ordenstjeneste* (3. utg.). Drammen: Forlaget Vett og Viten AS.
Kap. 2 (12 sider).

Krauss, R. M., & Morsella, E. (2000). *Communication and conflict*. Columbia University.
Henta frå: <http://www.columbia.edu/~rmk7/PDF/Confl.pdf> (21 sider).

Lagestad, Pål. (2012). *Kommunikasjon og konflikthåndtering*. Oslo: Gyldendal.
Kap. 1,10,11,12 (76 sider).

Larsson, P., Gundhus, H. O. I., Granér, R. (2015). *Innføring i politivitenskap*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
Kap. 3 (30 sider).

Lie, A. L. & Lagestad, P. (2011). *Arrestasjonsteknikk* (1. utgave, 2. opplag 2012). Oslo: Gyldendal Akademisk.
s. 30-36 (6 sider).

NOU 2017:9. (2017). *Politi og bevæpning*. Oslo: Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon. Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/1a1e793002264d9cb5b940e673622984/no/pdfs/nou201720170009000dddpdfs.pdf>

Kap. 3 (12 sider).

Ølsvik, Egil H. (2013). *Vitenskapsteori for politiet*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Kap. 8, 13 (17 sider).

Phelps, J., Larsen, N. M & Singh, M. (2017). *Kommunikasjon og konflikthåndtering i operativt politiarbeid*. (s. 17-281). Oslo: Universitetsforlaget
s. 17-281 (264 sider).

Rønneberg, K (2009) *Tillit og mistillit i politiets kommunikasjon med publikum*. I S. Flaaten,

H.I. Gundhus & M.E. Kleiven (Red). *Demokrati, kontroll og demokrati*. Oslo:

Politihøgskolen.

s. 115-135 (20 sider).

Totalt: 568 sider.